

# Samandrag – Årsmelding 2015 for OIL friidrettsgruppa

## Styret 2015

### Samansetning:

Leiar: Marit Iren Reigstad (2015)

Nestleiar/sportsleg leiar: Helga Reigstad (2015)

Skrivar Herdis Helle (2015-2016)

Kasserar: Arne Reigstad (2014-2015)

Oppmann 6-10 år: Kari Lovise Kvamme

Oppmann junior/senior: Bjarte Lohne (2014-2015)

Styremedlem: Karoline Loftås (2014-2015)

Styremedlem: Vebjørn Borge (2015-2016)

Varamedlemer: Sigrid Borge og Kjetil Stokke

I løpet av året trekte Marit Iren Reigstad, Vebjørn Borge og Kari Lovise Kvamme seg frå styret av personlege grunnar. Nestleiar Helga Reigstad har fungert som leiar sidan. Elles har Sonja Loftås og Marianne Solberg deltatt på styremøte utan å vere formelt valde (tale- og forslagsrett).

Valkomité: Åse Bergheim (leiar), Tore Hannisdal, Frank Loftås

### Styret sitt arbeid:

#### Styremøte:

Styret har i driftståret 2015 hatt 8 styremøte og handsama 66 saker. Utanom møta har styret hatt hyppig kommunikasjon og drøfta mindre saker per e-post. Viktige saker har vore sponsorarbeid, dugnader og anna økonomiarbeid, avvikling av arrangement, trenarvilkår, utøvarkontraktar og nye drakter/profileringstøy. Vi har elles byrja å jobbe mot å få nytt toppdekke, mellom anna har vi bedt idrettsrådet om å få dette med på prioriteringslista for tippemidlar.

#### Representasjon:

Friidrettstinget: Karl Johan Reigstad, Helga Reigstad og Paul Bruvik.

Styret i Norges friidrettsforbund: Helga Reigstad sat som styremedlem til mars 2015

Kretstinget: Marit Iren Reigstad, Bjarte Lohne og Helga Reigstad

**Aktivitet:****Fungerande trenarar 2015** (høgaste fyllførte trenarkompetanse i parentes):

Ann Christin Reigstad (trenar 1)

Mats Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2: kast)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Frode Langhelle (trenar 1, fysioterapeut)

Marit Iren Reigstad (idretts- og treningspedagog)

Karl Johan Reigstad (trenar 2: sprint/hekk, langdistanse, kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Frank Loftås

Geir Atle Mjelde

Karoline Loftås

Vi har elles hatt fleire som har vore med som foreldremedhjelparar på gruppene for 1.- 4. klasse og frå 5. - 7. klasse

**Dommarar og startarar:**

Inge J. Reigstad (FD/FS, og med i kretsen sitt startarteam), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løtveit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Henning Sæbø (HA), Anette Bru (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KDO), Torbjørn Simmenes (KDA), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Sigrid Borge (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD).

**Fridrettsskulen 1.-4. klasse (2009-2006) – sportsleg aktivitet 2015-sesongen**

I løpet av sesongen har det vore omlag 25 born innom fridrettsskulen. På kvar trening har det i snitt stilt 12 – 15 born. Ved årsskifte var det fylgjande fordeling på alder:

07/1. kl.	1 born
06/2. kl.	2 born
05/3. kl.	9 born
04/4. kl.	5 born

Treningane skal vera allsidige, prega av høg aktivitet, utvikla motorisk dugleik, vera prega av lek, men samstundes gje ei innføring i spesifikke øvingar i friidrett. Gruppa har hatt trening ein gong i veka (måndagar). Vi er ute på friidrettsanlegget på Hatland frå april til oktober og inne i Osterøyhallen i vinterperioden. Treningane er gjennomført med god hjelp i frå foreldregruppa som har vore med viktige medhjelparar i eit rulleringssystem som har fungert bra.

Det har vore avvikla 4 rekruttstevne ute. 2 stevne om våren og 2 stevne om hausten. Øvingane har vore liten ball, lengde med satssone, 40m, 60m og 600m. På fleire av stevna har det vore premiering med medaljar og diverse utstyr.

I april 2015 deltok gruppa, saman med utøvarar frå Haus si gruppe, med 4 lag på Fri-stafetten. I februar 2016 deltok 4 utøvarar på Pingvinlekene i Leikvanghallen.

– Ann Christin Reigstad –

## **Jenter og gutar 5.-7 klasse**

### **Lonevåg**

Gruppa har hatt faste treningar kvar måndag på friidrettsbana ved Hatland. I vintersesongen har denne treninga vore kombinert med innandørstrening i idrettshallen. Det møter omlag 15 stk på kvar trening. Treinar er Mats Elvik. Etter sommarferien har han fått god hjelp frå nokre av foreldra, dette har fungert bra, men ei meir permanent ordning med ein trener er ynskeleg. Karoline Loftås har vore med på ein del treningar i vintersesongen og vert med som treinar på ein god del treningar utover i 2016

Dei eldste utøvarane i gruppa (6. og 7. klasse) kunne med fordel hatt ein treningsdag til i veka. Dette har imidlertid vore vanskeleg å få til mellom anna fordi mange av utøvarane er med på fleire idrettsaktivitetar. Utanom dei faste treningane har det vore nokre felles treningar. Vi hadde mellom anna eit par turar i Leikvanghallen.

### **Stafettar**

Gruppa deltok med lag på Fri-stafetten. Dei synest det er svært kjekt med stafett.

### **Stevne**

Nokre av utøvarane er flinke til å vera med på stevne, men me hadde gjerne sett at fleire deltok meir aktivt. Det er enklast å få utøvarane med på lokale stevne på Osterøy. Ei utfordring er å få trenarane/oppmenn til å mobilisere og arrangere felles reise og opplegg til stevne utanfor Osterøy.

– Mats Elvik –

## **Haus**

I treningsgruppa i Haus er det born i alderen 6 til 14 år. Geir Atle Mjelde og Frank Loftås er trenarar. Treningane er onsdagar frå klokka 18 til 19. 2015 har vore eit godt år med stor auke i talet på deltakarar på treningane. Særleg mellom dei yngste i alderen 6-9 år er det kome mange nye.

I sommarhalvåret, frå april og ut september, er treningane på Haus idrettsplass. Det vert variert med ulike friidrettsøvingar gjennom sommarhalvåret. Lengde og stafett rundt bana er populære øvingar. Litt drilløvingar og intervall vert det også. På utetreningane var det i snitt 10-15 deltakarar.

I vinterhalvåret frå oktober til utgangen av mars er treningane inne i gymsalen på Haus skule. Her er det leik til oppvarming, og fast program med spenst og styrketrening. Treningane vert oftast avslutta med stafett. Hausten 2015 var det i overkant av 20 deltakarar på kvar trening.

Våren 2015 vart Osterøymeisterskapen i terrengløp arrangert i Mjeldalen. Løpet vart arrangert i treningstida til treningsgruppa i Haus. Dette gjorde at svært mange av dei som er med på treningane i Haus deltok på terrengløpet. Dette var veldig kjekt og positivt.

– *Frank Loftås og Geir Atle Mjelde* –

## **Team ungdom**

### **Gutar og jenter 13-16 år**

13-16 åringane har dette året hatt tilbod om trening på Hatland kvar onsdag kl. 14.15-15.30. I sommarhalvåret har treningane vore på Hatland; på stadion og i nærområdet rundt. Fokuset har vore på løpeteknikk, spenst og styrke. I vinterhalvåret har me hatt treningane i Osterøyhallen. Fokus har vore på leik og skadeførebyggjande styrketrening med hovudsakleg egen kroppsvekt og medisinball. Oppmøtet har vore litt varierende med ein hard kjerne på 5-6 faste utøvarar og rundt 10 andre som har vore innom med meir ujamne mellomrom. Marit Iren Reigstad har hatt ansvaret for denne treninga.

### **Gutar og jenter 15-19år**

I desse årsklassane er det ei lita gruppe som trenar regelmessig på fellestreningar og gjev viktige funksjonærbidrag på forskjellige arrangement som friidrettskule, Bendit-lekene og Sport 1Brakvatnet halvmaraton. Det var vore relativt få som har delteke på banestevne. Annelin Lunde debuterte på 3000m og sette klubbrekord for junior med fine 11.18 og 4.plass, og deltok på UM på Romerrike som einaste deltakar frå klubben. Ho fekk årets stimulansepremie. Sondre Loftås Kåstad hadde sitt siste år i denne årsklassen, og er elles omtala i junior/seniordelen.

### **Årsmelding junior/senior 2015**

I år er det ikkje vanskeleg å finna fram til det sportslege høgdepunktet i sesongen sjølv om det har vore fleire gode prestasjonar. Sigrid Borge sin 4.plass i U-23 EM på fremdragande 55.72 (klubbrekord og kretsrekord) står som noko av det beste som har vore prestert i idrettslaget si historie, og i alle fall i friidrettsgruppa. Sigrid er i stadig utvikling og det blir spanande å følgja henne inn i internasjonale

senior konkurransar etter kvart. Sigrid er også U-23 utøvar i 2017 og skulle då ha gode muligheter til å kjempa om medalje i U-23 EM.

Som første utøvar i klubben bankar ho no på døra til kommande EM i friidrett i Amsterdam i juli. Sin debut internasjonalt fekk ho i 2015 i e-cupen for landslag der ho deltok for Norge i superligaen i Russland. Sigrid fekk også sølv både i junior- og senior NM, og hadde det lengste spydkastet i Norge i 2015.

Sondre Loftås Kåstad hadde ein god sesong trass i eit lengre skadeavbrot på våren. Han glimta til med sterke 6.97 på 60m i forsøket på innendørs-NM. I utandørssesongen hadde han ei rad med sterke løp utan å få heilt fullklaff likevel. Persane 10.81/21.69 lar seg likevel høyra på sprintdistansane (førstnemnde er klubbrekord).

Sondre fekk også med seg to norske junior-rekordar på 4x100m stafett. Den første under junior-EM i svenske Eskilstuna der laget fekk 3. beste tid i forsøket. I finalen blei det feil i ei veksling, og laget enda på 7. beste tid i Europa. I den nordiske juniorlandskampen i Finland seinare på året vart det gull på same distanse og igjen norsk juniorrekord på sterke 40,18 7. Det var beste tid i Europa i 2015 med kun 0,5 sekund opp til 1.plassen til Storbritannia.

Trygve Feidje Mjelde fekk på mange måtar eit sportsleg gjennombrøt denne sesongen med klubbrekordløp på 800m på 1.53.18 på Bislett etter harejobb av Markus Loftås. Dermed fekk Trygve også sin NM-debut individuelt i Haugesund. Trygve har også habile noteringar på 400m/1500m.

Martin Loftås Kåstad fekk mykje av sesongen øydelagt av achillesproblem, og kunne difor ikkje vidareføre sin årelange statistikk med 400m løp på 48-talet. Martin klarte, trass problema, likevel å karre seg til finalen på 400m i NM, og klarte i alle fall å vidareføre sin statistikk med mange nm finalar på rad på distansen.

Kjetil Stokke har også i år konkurrert flittig, og var nær klubbrekorden sin i spyd. Kjetil kjem nok sterkare att i 2016, noko nyleg pers i hut på 1.50 tyder på.

Det må også nemnast at Markus Loftås kom tilbake til klubben på slutten av 2015 sesongen og forhåpentlegvis kjem til å gje gode bidrag i 2016 sesongen.

Av seniorløparar i Team Batti har o-løpar Per Harald Havnen Johansen utmerka seg mest med årsbeste i klubben på 3000m og 5000m.

Osterøy deltok i Ask-, Fr-i og Holmenkollstafetten i seniorklassen for både menn og kvinner.

## **Veteranar**

Her ragar Øivind Bernes sin sølvmedalje på 3000m i EM for veteranar inne i Polen høgast med den fine tida 9,54,79 i klassen 55-59år. I norgesmeisterskap inne og ute har i tillegg til nevnte Øyvind, Helge Tysse, Bjarte Lohne, Helga Reigstad, Randi Kleppe, Magne Vikne, Karl J. Reigstad og John Bernes teke medaljar.

Herrelaget har delteke med gode resultat på lokale stafettar som Fri- og Ask-stafetten og i tillegg var størsteparten av seniorlaget i Holmenkollen veteranar.

## **Team Batti**

I 2015 er det rundt 20 løparar som har hatt si hovudtilknytning til treningsgruppa, Team Batti. Dei aller fleste er passert 30 år og vel så det. Det har vore faste fellestreningar to-tre gonger i veka. Elles avtalar løparane nesten dagleg treningsøkter gjennom ei gruppe på Facebook.

Sjølv om Team Batti er eit såkalla "lågterskeltilbod", er utøvarane i gruppa ikkje framande for å smaka på mjølkesyra. Det er nok mest mosjonsløp på Osterøy og i Bergen som lokkar denne gjengen, ikkje minst løpskarusellar som Valestrandmarka rundt og Holavatnet rundt. Nokre har også konkurrert på bane, og her var det relativt tett kamp mellom Per Harald Havnen Johansen, Bjarte Vik, Terje Simmenes og Jozef Zygmuntowicz om å bli beste baneløpar. Førstnemnde, Vareggs dyktige O-løpar Johansen, viste god haustform og stod igjen med best resultat. Elles utgjer Tore Hannisdal, Jan Roar Solberg, Baard Raknes, Kjetil Monstad, Helge Tysse og Sigbjørn Reigstad det stabile grunnfjellet i treningsgruppa.

Flaggskipet i Team Batti, Hilde Aasheim, viste fin framgang denne sesongen etter langvarig skade, men var uheldig og spolerte sesongen då ho skada seg under ein fjelltur. Elles kom Kristin Löfgren og Ingri Mjelde Birkeland inn og heva nivået både på trening og konkurransar. Utanom desse tre løparane har teamet eit par damer i ermet som trena svært godt i 2015, og som fort kan setja solide spor etter seg i året som kjem.

Mange i gruppa er seriøse i treningsarbeidet sitt, og har som mål å setja persar både på bane og landeveg sesongen 2016.

– Bjarte Vik –

## **Arrangement:**

**Hoppstevne u.t. :** 4 stevne 19.1., 23.3., 18.11. og 28.12. Terminfesta Osterøymeisterskap i Leikvanghallen 23.3. vart avlyst. Med så få hopp u.t. stevne gav dette også negative utslag på seriane der hopp u.t. normalt gjev mykje gode seriepoeng.

**Banestevne Haus:** To stevne, 6.5. og 16.9. med god deltaking i dei yngste klassane.

### **Banestevne Osterøy Stadion:**

3 rekruttstevne og 5 karusellstevne med 510 enkeltstartar (719 i 2014). Karusellstevne 17.8. vart avlyst. Gjennomgåande ved stevna på Osterøy stadion og andre stader er at våre eigne utøvarar i lita grad ikkje deltek i hekkeøvingar. Dette gjev også negative utslag for seriane.

Stevne 14.8. i samband med idrettsskulen vart gjennomført med over 100 resultat som treningsstevne utan godkjende resultat.

Det største stevnet Benditlekene 5. og 6. september hadde samla enkeltstartar i 2015 om lag 700 startar.

**Testløp.:** To på Reigstad (11.4. og 3.5.).

**Valestrandsmarka Rundt (sponsa av Arkoconsult ):**

11 løp med snittdeltaking 37 og totalt 141 personar.  
I tillegg også jule- og nyårsløp.

**Ole Bull Løpet:**

Innlagt i Valestrandsmarka Rundt den 28. august med 28 deltakarar.

**Haustrimmen:**

10 løp med snittdeltaking 19 og totalt 66 personar.

**Osterøymeisterskap i terrengløp:**

Arrangert i Mjeldalen, 22. april med 57 startande.

**Sport 1 Brakvatnet vinterkarusell :** Ny løpskarusell som hadde sitt første løp 6.12.2014. I 2015 er det arrangert 5 løp (jan-febr-mars og nov-des).

**Bjarte Viks Eliteløp:**

Arrangert for 17. gong 10. oktober og med ny deltakarrekord 68 personar.

**Bendit-lekene:**

Regionale ungdomsleikar/kretskamp mellom Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Agder-fylka for 13 og 14 åringar på Osterøy Stadion 5. og 6. september. Nok eit vellukka arrangement som betyr mykje for gruppa sin økonomi og kompetanse med å arrangera store stevne.  
Samla enkeltstartar om lag 700 startar dei 2 dagane.

**Stemmeseggi opp/over:**

Arrangert for 36. gong den 31. mai med 80 deltakarar totalt.

**Bruviknipa:**

Var terminfesta til 13. juni , men vart avlyst pga. mykje snø i øvre del av løypa.  
2016 arrangementet er ført opp som Bruviknipa opp eller halveis. Sjølv med målgang før eller ved Båtleitet vil løpet vere eit krevjande motbakkøløp, men enklare å arrangera.

**Sport 1 Brakvatn Halvmaraton:**

Arrangert for niande gong 17. oktober. Årets løp i sol + 12 grader , vindstille og totalt 251 var innom dei ulike løpa.

**Thunestveit skulemeisterskap:**

Terminfesta 12. mai, men vart avlyst.

**DnB idrettsleikar:**

2 leirar. På den første deltok 35 utøvarar og på den andre deltok 62.

**NM Veteranar, Leikvanghallen.**

Osterøy arrangerte hallmeisterskapet for veteranar saman med Fri og AKS-77 i Leikvanghallen. Osterøy hadde den største troppen med dommarar og funksjonærar. Desse gjorde ein god jobb, noko som gav kroner 27.642 i inntekt til laget etter at rekneskapen var oppgjort.

## Medlemstal

### Medlemstal for 2015

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
<b>Kvinner</b>	0	45	19	3	35	102
<b>Menn</b>	0	34	26	8	53	121
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>79</b>	<b>45</b>	<b>11</b>	<b>88</b>	<b>223</b>
<i>Totalt, 2014</i>	<i>0</i>	<i>72</i>	<i>58</i>	<i>11</i>	<i>83</i>	<i>224</i>

### Medlemsutvikling

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Kvinner</b>	-	?	?	?	113	108	102
<b>Menn</b>	-	?	?	?	126	116	121
<b>Totalt</b>	227	222	262	270	239	224	223

## Økonomi

Friidrettsgruppa har ein bra økonomisk situasjon. Det har vore gjort eit godt arbeid med sponsorar og dei største arrangementa våre. Omsetnaden i 2015 var på kr 754.386,- og vi fekk eit overskot på kr 225.736,-. Gruppa har høg aktivitet, men utgiftene til reiser og startkontingent vart vesentleg lågare enn budsjettet. Sponsorinntektene har no nådd ein slik storleik at vi er momsplichtige på desse. Vi har god likviditet, noko som gjev tryggleik for kontraktsutøvarane våre, og sikrar høg aktivitet også i 2016. Vi har framleis gjeld saman med andre grupper til tribune Fugledalen, traktor og lysanlegg. I tillegg må vi planleggja for renovasjon av kunstdekket om 4-5 år. Det er difor viktig å halda fram med overskot i gruppa.

## Vurdering av aktivitet i høve til målsetjingane

Dei viktigaste målsetjingane til klubben er framleis økonomi, halda på ungdommane, rekruttering og trenar-/leiarrekruttering.

Økonomisk har dette vore eit svært godt år. Som det går fram over, har det vore jobba hardt med økonomien. Særleg har Helga Reigstad gjort eit stort arbeid, både med å halde på gamle og skaffe nye sponsorar. Vi har fått to nye store sponsorar. Det er Mjelstad og Stokke og Arkoconsult. I tillegg har vi fått fleire nye mindre sponsorar.

Vi gjer som før ein svært god innsats på arrangementsida. Bendit-lekene er framleis ei svært god inntektskjelde. Dette arrangementet har vi fått tildelt i 2016 også. Vi jobbar framleis med å vidareutvikle Sport 1 Brakvatnet Halvmaraton. I år planlegg komiteen å utvide arrangementet med bedriftsstafett. Det er viktig å ha eit godt økonomisk fundament i åra som kjem, både på grunn av at



vi har utøvarar som kostar mykje og fordi vi treng å få nytt toppdekk på bana/rehabilitering anlegget forøvrig. Arrangementa våre er ei viktig inntektskjelde i den samanhengen. Vi har elles fått midlar frå Gjensidige stiftelsen til nytt sleggebur, og det er sett ned ei gruppe som skal få dette på plass før regionale ungdomsleikar.

Aktiviteten blant ungdommane er svært god både i breidda og på elitenivå. Det kan særskilt nemnast at Vebjørn Borge har meldt seg ut av (overgang til Gular), og at Markus Loftås har meldt seg inn att i OIL friidrettsgruppa. Elles er dei «eldste» framleis med. I den yngste ungdomsgruppa har vi fått ei svært god jentegruppe, og her ligg det an til eit godt stafettlag etter kvart. Også blant gutane er det gode utøvar mellom dei yngste ungdommane. Det sosiale miljøet på treningane er veldig bra. Utøvarane ser fram til å få dra på treningsleir til Kreta i påskeferien. Det er per no 16 utøvarar og 4 trenarar som har meldt seg på til treningsleiren. På den positive sida må det elles nemnast at vi hadde både erfarne og nye ungdommar som leiarar på dei to DNB-idrettsleikane i 2015. Vi håpar at fleire av desse vert med på idrettsleikane i år òg.

For styret var det ei utfordring at tre styremedlemmer av personlege grunnar måtte trekke seg frå styret kort tid etter årsmøtet. Styret valde å be valnemnda om hjelp. Valnemnda fekk Sonja Loftås og Marianne Solberg til å delta i styrearbeidet. Styret valde imidlertid å ikkje kalle inn til omframt årsmøte, så dei to nye har delteke med tale og forslagsrett. Helga Reigstad som var vald som nestleiar, overtok som fungerande leiar. Dette har vore ei god ordning, men det har vorte svært mykje arbeid for henne i tillegg til trenar- og sponсорarbeid. Elles er ungdommane i styret ein svært viktig ressurs. Det er viktig at det er god ungdomsrepresentasjon i styret, ikkje minst med tanke på opplæring knytt til formalitetane som fylgjer med denne typen arbeid.

I høve rekruttering av vaksne mosjonistar har det stoppa litt opp. Det var til dømes ikkje veteranlag med på Holmenkoll-stafetten, og vi har ikkje hatt reine mosjonisttreningar. Dette er elles eit område vi ikkje har hatt kapasitet til å arbeide med i år. Vi ser likevel at fleire av mosjonistane vil allereie har i klubben trenar godt og deltek i mosjonsløp, og det er bra.

Trenardekninga er framleis god. Særleg kjekt er det at Karoline Loftås har kome inn som trenar saman med Mats Elvik for 5. -7. klasse. Framover bør vi jobbe med å få inn ein fast trenar til på den yngste gruppa saman med Ann Christin Reigstad. Det må elles nemnast at dei eldste ungdommane er flinke til å ta ansvar for gjennomføring av treningar i dei tilfella trenarane ikkje kan vere til stades.

I år har vi ikkje fått utdanna nye trenarar. Vi har heller ikkje fått fleire dommarar, startarar og tidtakarar. Det vert viktig å arbeide for å auke kompetansen i klubben på desse felte framover.

Resultat, statistikk m.m frå stevne og andre arrangement vert formidla på websida til Osterøy IL, friidrettsgruppa fortløpande. Her gjer Vidar Simmenes ein stor og viktig innsats. I tillegg er både Vidar og fleire andre flinke til å legg ut slik informasjon, samt informasjon om treningar og anna, på Facebook.

## Konklusjon

Friddrettsgruppa har hatt nok eit innhaldsrikt og spennande år.

Det har vore fleire sportslege høgdepunkt. Sigrid Borge stod for ein av dei største prestasjonane i klubben gjennom tidene. Ho kasta 55, 72 meter og vart nr. 4 i U23-EM i Tallin 11. juli 2015. Kåringa av årets utøvar vart difor eit enkelt val i år. Styret og trenarane var einige om at Sigrid sine prestasjonar var dei beste i 2015. Elles var Sondre Loftås Kåstad med å sette ny norsk rekord med U20-laget på 4x100 meter med tida 40, 18 sek på Nordisk juniorlandskamp i Finland.

Det vart sett 6 klubbrekordar i 2015:

Sigrid Borge har, som sagt over, kasta 55, 72 meter i spyd. Sondre Loftås Kåstad med 10,84 sekund på 100 meter og 6,97 sekund på 60 meter. Trygve Feidje Mjelde med 1, 53, 12 på 800 meter og 1,21 40 på 600 meter. Ellers er 4x200 meter rekorden senior slått av Margarita Solberg, Ingvill B. Martinsen, Frida Loftås og Marianne Feidje Mjelde. Den nye rekorden er på 1,59, 52. 3 utøvarar har oppnådd meir enn 1000 poeng i ei eller fleire øvingar. Det er Marianne Feidje Mjelde, Frank Odin Niyokindi og Sondre Loftås Kåstad.

Gode prestasjonar og fleire kontraktsutøvarar gjer at også utgiftene til gruppa er store. Å skulle oppretthalde noverande aktivitetsnivå framover vert utfordrande. Klubben får arrangera regionale ungdomsleikar (tidl. NCC/PEAB/Bendit) også i 2015, og har fått arrangementet også i 2016. Uansett er me avhengige av stabile sponsorinntekter, samt å vidareutvikla enkelte arrangement slik at ein går med nok overskot på desse.

Styret vil takka alle som har gjort ein innsats for friddrettsgruppa i året som har gått og ynskja dykk lukke til med sesongen, 2016! Ei særskild takk går òg til alle sponsorane våre.

Skrivar: Herdis Helle

Dato: 1. mars 2016

Vedlegg til årsmeldinga:

Trenarvilkår, retningsliner for profilering, statistikk og resultat.

## **Trenarvilkår/utgiftsdekning for trenarar i friidrettsgruppa 2016**

For trenarar i Osterøy IL, friidrettsgruppa gjeld følgjande retningslinjer for utgiftsdekning m.m.:

### **Utgifter til reiser/opphald:**

Trenarane skal ha full dekning av utgifter til reise og overnatting til konkurransar. Trenarar for meisterskapsutøvarar får dekkja reise og overnatting for ein treningsleir i året. Til treningssamlingar vert det dekkja reise- og opphaldsutgifter. Godtgjersle pr. km for bruk av eigen bil er kr 3,50. Det vert ikkje betalt passasjertillegg.

Alle utgifter må vere dokumenterte. Vi føreset at det vert valt rimelege reise- og overnattingsalternativ.

### **Trenardeltaking på konkurransar/meisterskap**

På hovud-NM skal alle trenarar som har utøvarar med få dekkja reiseutgifter og overnatting.

På Junior-NM dekker klubben utgifter til ein trenar pr. tre utøvarar.

På andre NM/konkurransar vert det dekkja utgifter til ein trenar pr. fem utøvarar.

Trenarane må avtale seg i mellom kven som skal følgja utøvarane på konkurransar/meisterskap. Dette kan eventuelt skje i dialog med oppmann eller sportsleg leiar.

### **Drakter**

Alle hovudtrenarane får klubben si overtrekksdrakt, t-skjorte og collegejakke. Denne skal nyttast i samband med konkurransar.

### **Andre utgifter**

Det kan søkjast om stønad til dokumenterte kursutgifter, litteratur, utstyr etc. Sportsleg leiar har fullmakt til å handsame søknader med inntil kr 3000. Søknaden skal vere skriftleg.

### **Utgiftsdekning utover det som følgjer av retningslinjene.**

Dersom det er behov for utgiftsdekning til reiseutgifter/opphald utover det som følgjer av retningslinjene, skal skrifteleg søknad sendast til styret ved sportsleg leiar. Sportsleg leiar har fullmakt til å treffe vedtak om utgiftsdekning utover det som fylgjer av retningslinjene med inntil kr 3000 pr. konkurranse eller treningssamling. Utgifter som overstig dette må handsamast i styret.

### **Trenarar som ikkje er medlem i Osterøy IL**

For trenarar som ikkje tilhøyrer Osterøy IL skal det inngåast skriftleg kontrakt i forkant om plikter og ytingar.

### **Retningslinjer for profilering:**

- Utøvarar med utstyrsavtalar inngått av friidrettsgruppa må syte for at dei til ei kvar tid har korrekt tøy. Vi ynskjer at dei brukar Craft-tøy på trening.
- Den offisielle konkurransedrakta skal brukast i alle konkurransar. (NB! Ikkje Nike-thigts) Det er spesielt viktig at kontraktsutøvarane etterlever dette.
- Utøvarane kan ikkje inngå egne sponsravtalar utan forutgåande godkjenning av styret i OIL-friidrettsgruppa. Styret vil ta utgangspunkt i at utøvarane kan ha ein privatsponsor på profileringstøy, og ein på konkurranstøyet dersom klubben ikkje har fylt opp antalet der. Sponsorar som står i konkurranse til friidrettsgruppa sine egne sponsorar vil ikkje bli godkjent.
- Utøvarar med kontrakt er forplikta til å vere gode ambassadørar for sponsorane. Vi vil gjerne at dei profilerer sponsorane i sosiale media. (Bruk #)

## Nye lagsrekordar senior 2015

55,72	Sigrid	Borge	1995	sp600	Tallinn/ESTL	150711	943p
10,84	Sondre L	Kåstad	1996	100m	Ullevi/Swe	150704	883p
6,97	Sondre L	Kåstad	1996	60m	Steinkjer inne	150207	803p (24kamp)
1.53,12	Trygve Feidje	Mjelde	1994	800m	Bislett	150628	837p
1.21,40	Trygve Feidje	Mjelde	1994	600m	Osterøy st	150713	800p?
1.59,52	Margarita Solberg		2001	4x200m			
	Ingvild Martinsen		2001				
	Frida Loftås		2001				
	Marianne Feidje Mjelde		2001				

### Sondre L Kåstad har denne sesongen vore 2 gonger med på 1. etappe og sett norsk junior – 20 rekord på 4x100m

40,46 Eskiltuna/Sverige 19.7.2015

40,18 Finland 29.8.2015

### Desse har oppnådd 1000 poeng denne sesongen

12,69 Frank Odin Niyokindi 2002 100m Leikvang 150829 1018p

22,18 Sondre L Kåstad 1996 200m-in Steinkjerhallen 150107 1027p

6,97 Sondre L Kåstad 1996 60m-in Steinkjerhallen 150107 1062p

21,69 Sondre L Kåstad 1996 200m Sollentuns/Swe 150625 1068p

10,84 Sondre L Kåstad 1996 100m Ullevi/Swe 150704 1069p

5,71 Frank Odin Niyokindi 2002 lengde ss Leikvang 150829 1072p

Marianne Feidje Mjelde var berre 3 poeng frå 1000p i kula.

### OF 2015 (statistisk opplysning) 5 beste resultat

MS 3782p Sondre L Kåstad, KS 3053p Sigrid Borge

MV 4315p Øyvind Bernes, KV 2940p Helga Reigstad

Gutar 5070p Sondre L Kåstad, Jenter 4563p Margarita Solberg

**I 2015 har 129 personar 1 eller fleire resultat i hopp. u.t. eller banestevne. (162 i 2014)**

## Medaljefangsten (meisterskap) 2015:

bronse	Andreas	Markmanrud	2002	Stor KM	18,70	diskos 750g	g13
bronse	Bjarte	Lohne	1966	NMveteran inne	2.32,74	800m-in	mv3
sølv	Frank Odin	Niyokindi	2002	Stor KM	8,42	60m	g13
sølv	Frank Odin	Niyokindi	2002	Benditlekene	5,31	less	g13
sølv	Frank Odin	Niyokindi	2002	Benditlekene	26,41	200m	g13
sølv	Helga	Reigstad	1972	NMveteran inne	2,05	lut	kv2
sølv	Helge	Tysse	1964	NMveteran inne	2.33,19	200m-in	mv4
bronse	Ingvild B	Martinsen	2001	Stor KM	9,79	tresteg	j11
gull	John	Bernes	1944	NMveteran inne	5.40,39	1500m-in	mv8
gull	John	Bernes	1944	NMveteran inne	2.40,47	800m-in	mv8
sølv	Karl J	Reigstad	1944	NMveteran inne	35,53	200m-in	mv8
bronse	Kjetil	Stokke	1991	Stor KM	10,75	ku7,26	ms
bronse	Kjetil	Stokke	1991	Stor KM	32,69	diskos 2kg	ms
gull	Kjetil	Stokke	1991	Stor KM	5,25	lengde	ms
gull	Kjetil	Stokke	1991	Stor KM	49,38	spyd800g	ms
sølv	Kjetil	Stokke	1991	km hopp u.t.	1,39	hut	ms
gull	Kristoffer	Vikne	2000	km hopp u.t.	2,62	lut	g15
gull	Magne	Vikne	1954	NMveteran inne	2,44	lut	mv6
sølv	Magne	Vikne	1954	km hopp u.t.	2,39	lut	mv6
sølv	Magne	Vikne	1954	NMveteran inne	2.44,56	800m-in	mv6
gull	Magnus	Reigstad	2003	km inne	1,32	høgde	g12
sølv	Magnus	Reigstad	2003	Stor KM	1,30	høgde	g12
sølv	Margarita	Solberg	2001	Stor KM	4,82	lengde	j14
gull	Marianne F	Mjelde	2001	Stor KM	10,01	kule 3 kg	j14
sølv	Marianne F	Mjelde	2001	Benditlekene	10,48	kule 3 kg	j14
gull	Marie	Mostraum	2004	Stor KM	30,46	200m	j11
gull	Marie	Mostraum	2004	Stor KM	1.55,52	600m	j11
sølv	Marie	Mostraum	2004	Stor KM	9,49	60m	j11
gull	Markus	Markmanrud	1997	Stor KM	2.16,11	800m	g18-19
sølv	Markus	Markmanrud	1997	Stor KM	40,67	spyd800g	g18-19
gull	Martin L	Kåstad	1990	Stor KM	22,83	200m	ms
gull	Randi	Kleppe	1949	NMveteran inne	7.35,63	1500m-in	kv7
gull	Randi	Kleppe	1949	NMveteran inne	39,50	200m-in	kv7
gull	Randi	Kleppe	1949	NMveteran inne	1,64	lut	kv7
gull	Randi	Kleppe	1949	NM veteran	18,26	100m	kv7
gull	Randi	Kleppe	1949	NM veteran	38,18	200m	kv7
gull	Randi	Kleppe	1949	NM veteran	3.50,30	800m	kv7
gull	Randi	Kleppe	1949	NM veteran	1.37,73	400m	kv7
4. plass	Sigrid	Borge	1995	EM U23	55,72	spyd 600	u23
sølv	Sigrid	Borge	1995	Hoved NM	53,02	spyd 600	KS
sølv	Sigrid	Borge	1995	JUN NM -22	50,44	spyd 600	KS
gull	Sondre L	Kåstad	1996	km hopp u.t.	3,08	lut	g18-19
gull	Sondre L	Kåstad	1996	km hopp u.t.	1,50	hut	g18-19

gull	Sondre L	Kåstad	1996	km inne	22,82	200m	ms
gull	Sondre L	Kåstad	1996	km inne	7,12	60m	ms
sølv	Sondre L	Kåstad	1996	Stor KM	11,24	100m	ms
bronse	Øivind	Bernes	1958	NM veteran	60,89	400m	mv5
gull	Øivind	Bernes	1958	NMveteran inne	4.43,23	1500m-in	mv5
gull	Øivind	Bernes	1958	NMveteran inne	2.17,79	800m-in	mv5
gull	Øivind	Bernes	1958	NM veteran	17.33,68	5000m	mv5
gull	Øivind	Bernes	1958	NM veteran	2.24,05	800m	mv5
gull	Øivind	Bernes	1958	NM veteran	5.08,77	1500	mv5
sølv	Øivind	Bernes	1958	EM veteran inne	9.54,79	3000m-in	mv5
sølv	Marianne F	Mjelde	2001	Stor KM	55,65	4x100m	j13-14
sølv	Frida	Loftås	2001	Stor KM	55,65	4x100m	j13-14
sølv	Ingvild B	Martinsen	2001	Stor KM	55,65	4x100m	j13-14
sølv	Margarita	Solberg	2001	Stor KM	55,65	4x100m	j13-14
6. plass	Sivert K	Rød	2003	Stor KM	39,15	4x60m	g11-12
6. plass	Ulrik H	Elvik	2003	Stor KM	39,15	4x60m	g11-12
6. plass	Sander	Solberg	2004	Stor KM	39,15	4x60m	g11-12
6. plass	Magnus	Reigstad	2003	Stor KM	39,15	4x60m	g11-12

### Stafettdeltaking utanfor bane.

Osterøy hadde lag i Fristafetten, Askstafetten og Holmenkollstafetten.

### Oversikt serien 2015.

#### Mest poeng på 1. laga i seriane

Poeng 1. lag menn S **Sondre L Kåstad (3782/5)**

Poeng 1. lag kvinner S **Sigrid Borge (3053/5)**

Poeng 1. lag veteran M **John Bernes (6620/9) oppdatert**

Poeng 1. lag veteran K **Helga Reigstad (3723/7)**

Poeng 1.lag Gutar **Sondre L Kåstad (5966/6)**

Poeng 1.lag Jenter **Marianne F Mjelde (4947/6)**

## SERIEOVERSIKT

### Jenter pr. 10.10. kretsserien

2015	2014
<b>Elite 48/50 38724p nr. 8 a 8 ned</b>	<b>1.div 40/40 33881 nr.1 og opprykk til elitedivisjon</b>
2.div 28/30 17761 nr. 5 10	2.div. 29/30 19914 nr.3
2.div 25/30 11881 nr. 10 av 10	2.div. 28/30 16043 nr.7
<b>ned</b>	
4.div 16/20 6326 nr. 7 av 10	4.div 20/20 8685 nr.7
4.div 10/20 3801 nr. 8 av 10	4.div. 19/20 6321 nr.8
5.div 4/20 2245 nr. 23 av 28	<b>4.div 10/20 4002 nr.9 nedrykk til 5. divisjon</b>
5.div 4/20 2144 nr. 24 av 28	
5.div 4/20 2036 nr. 26 av 28	

**Gutar pr. 10.10. kretsserien**

<b>2015</b>	<b>2014</b>
<b>1.div 47/50 37356 nr. 7 av 10</b>	<b>Elite 60/60 48271 nr. 7 og nedrykk</b>
1.div 45/50 28280 nr. 9 av 10 <b>ned</b>	1.div 50/50 33067 nr. 7
2.div 37/40 19117 nr. 8 av 10	2.div 40/40 22373 nr. 7
2.div 37/40 13392 nr. 10 av 10 <b>ned</b>	2.div 38/40 18802 nr. 8
3.div 16/30 7336 nr. 9 av 10 <b>ned</b>	3.div 30/30 12829 nr. 6
4.div 8/25 5256 nr. 9 av 10 <b>ned</b>	4.div 25/25 8597 nr. 4
5.div 6/20 3805 nr. 16 av 21	
5.div 6/20 3433 nr. 18 av 21	5.div 20/20 5009 nr. 7
5.div 6/20 3134 nr. 20 av 21	5.div 8/20 3531 nr. 11
5.div 6/20 2757 nr. 21 av 21	

**Kvinner senior pr. 31.10. landsserien**

<b>2015</b>	<b>2014</b>
3.div. 18/20 <b>9761 nr. 21 av 145</b>	3.div. 19/20 <b>10858 nr. x</b>
3.div. 9/20 1886	3.div. 13/20 3796

**Menn senior pr. 31.10. landsserien**

<b>2015</b>	<b>2014</b>
<b>2.div 24/25 15929 nr. 11 av 14 og nedrykk</b>	1.div 30/30 20273 <b>nr. 13 i landsserien og nedrykk</b>
3.div 17/20 7254 nr. 88 av 141	3.div 19/20 7758 nr. x
3.div 13/20 3773 nr. x	3.div 17/20 4497 nr. x

**Kvinner veteran landsserien (serien går til 31.12.)**

<b>2015</b>	<b>2014</b>
1.div. 15/15 7271 nr. 6 <b>av 10</b>	1.div. 6/15 3495 <b>nr 6 av 10</b>
4.div 1/10 200 nr. 70 av 72	

**Menn veteran pr. landsserien (serien går til 31.12.)**

<b>2015 pr. 28.12.</b>	<b>2014</b>
1.div. 20/20 14799 <b>nr. 5 av 20</b>	1.div. 20/20 14893 <b>nr. 4 av 20</b>
2.div. 14/15 7902 <b>nr. 7 av 20</b>	2.div. 15/15 7388 <b>nr. 9 av 20</b>
4.div. 1/10 1429 <b>nr 120 av 225</b>	4.div. 2